

## STATUTTAR VANDREPOKAL FOR BESTE MJØLKEGEIT I SOGN OG FJORDANE

1. Alle som stiller bukkekje til kåring får presentera si beste geit for kåringsdommaren. Geita skal dømmast etter NSG sine reglar for kåring av bukkar og dømming av geit. Ho må oppnå 1. premie, det vil seia at ho må ha minimum avlsverdi 110, jureksteriør 8, eksteriørpoeng 8, og ho må ha kjea minst to gonger. Geita skal ikkje ha dobbelspenar eller ekstraspelar.
2. Eigar er ansvarleg for å ta eit fint bilete av geita, og sende dette elektronisk til fylkesstyret sin representant i lag med nummer og namn på geita og namn på eigar(ane).
3. Når årets kåringar er ferdig, skal geitene rangerast etter poengsum for jur og kropp. Geiter med lik poengsum skal deretter rangerast ut frå avlsindeksen for november. Eigar av den beste geita får 1 aksje i vandrepokalen. Resultatlista blir offentleggjort på heimesida til Sogn og Fjordane Sau og Geit.
4. Eigar av årets beste mjølkegeit blir invitert til årsmøtet i Sogn og Fjordane Sau og Geit. Der vert pokalen delt ut, samt at det vert gjeve ein diplom med det tilsende biletet på. Fylkeslaget dekkar dagpakke og middag på årsmøtedagen for eigar med følge.
5. Tine SA og Sogn og Fjordane Sau og Geit kan fritt nytte alle innsende bilete til positiv marknadsføring av næringa.
6. Ein kan vinne berre ein aksje med ei og same geit.
7. Vandrepokalen blir vunnen til odel og eige av den fyrste eigaren som har vunne tre aksjar i han.

Handsama av Geitegruppa 21.04.2016.

Godkjent av styret i Sogn og Fjordane Sau og Geit 26.05.2016.

Revidert 11.05.2019.

## Deltakarskjema Beste Mjølkegeit Sogn og Fjordane - 2021

<b>Gardbrukar</b>		
Produsentnr. (10 siffer)		
Namn		
Postadresse		
E-post og mobil		
<b>Geit – hugs bilete</b>		
Individnummer og indeks		
Fødselsdato og tal kjeingar		
Namn		
<b>Dømming</b>		
Jurpoeng		
Eksteriørpoeng		
Indeks i november i år (fylkesstyret skaffar denne)		

Stad og dato:

\_\_\_\_\_

Signaturar:

\_\_\_\_\_

Gardbrukar

\_\_\_\_\_

Kåringsdommar

Gardbrukar fyller ut opplysningar om seg sjølv og geita. Deretter fyller kåringsdommar ut jurpoeng og eksteriørpoeng. Begge signerer.

Deltakarskjema og bilete skal sendast til fylkesstyret sin representant, enten av kåringsdommar eller gardbrukar.

### Fylkesstyret sin representant:

Jo Risløv, Rislågvegen 95, 6893 Vik i Sogn, [jo.rislov@gmail.com](mailto:jo.rislov@gmail.com), mobil 97170653

Postadresse:  
Ragnhild Sæle  
Stranda 57  
6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

Bankgiro:3703 20 15213  
Orgnr. 971115599  
[www.nsg.no/sfsg/](http://www.nsg.no/sfsg/)

## Slik plukkar du ut geiter eldre enn 2 år med 110 eller betre i indeks:

Gå inn i avlsdatabanken på NSG: <https://www.geiteavl.nsg.no/>  
og logg deg på med produsentnummer og passord.

Gå til "Indekser / Geitene og kjea"

Set deretter fylgjande søk for å få fram geiter som er 2 år og som har indeks på 110 eller betre:

**Geiteindekser (Beregnet 30.05.2017)**

Geitene/geitekjea:

Innmeldt/utmeldt:

Fødselsår fra og med:  til og med

Avlsverdi fra og med:

Sorter lista:

Vis kolonner:  
 Delindekser  
 Antall brukt i indeksen  
 Mor  
 Far

21 treff

Ørenr	Avls- verdi	Delindekser				Jur p	Antall brukt i indeksen				Mor		Far	
		Frie	Celle-	Jur-	Ut-		Lakt-	Kon-	Ana-	Jur-	Avls-	Jur-	Avls-	Jur-

### Set avlsverdi frå og med 110 og fødselsår til og med 2019

Bruk resultatet som utgangspunkt for å finna din kandidat til fylkets beste mjølkegeit i 2021.  
OBS! Du må sjølv luka vekk geiter som av ein eller annan grunn ikkje har kjea minst 2 gonger.

Reglar for dømning av geit finn du her: <http://www.nsg.no/karing-geit/category2149.html>, sjå § 9.